




Tollvesenet



Årsmelding for 2004  
Annual report 2004



## DETTE ER TOLLVESENET

Tollvesenet er ein etat som sorterer under Finansdepartementet. Staten er organisert i eit sentralt direktorat og ei lokalforvalting med seks tollregionar. Det er toll- og avgiftsdirektør Marit Wiig som er leiar for Tollvesenet.

Tollvesenet hadde 1808 tilsette per 31. desember 2004.

### Samfunnsoppgåvene til Tollvesenet

- Å sikre staten inntekter ved at toll og avgifter blir betalte inn i samsvar med lover og reglar
- Å beskytte samfunnet mot ulovleg inn- og utførsel av varer, spesielt narkotika

### Strategien til Tollvesenet

Strategiplanen til Tollvesenet for perioden 2001–2004 har hatt desse hovudmåla:

1. Fastsetje og krevje inn toll og avgifter på rett måte
2. Avdekkje toll- og avgiftsunndragingar
3. Hindre ulovleg vareførsel, spesielt narkotikasmugling
4. Leggje verksemda til rette for næringsliv og publikum
5. Ha motiverte medarbeidarar med den rette kompetansen

## INNHALD

|  |    |
|--|----|
| <u>Leiar</u>   | 3  |
| <u>Organisasjonen</u>  | 4  |
| <u>Viktige saker i 2004</u>  | 6  |
| <u>Nøkkeltal</u>   | 8  |
| <u>Rett fastsetjing og innkrevjing av toll og avgifter</u>         | 10 |
| <u>Avdekkje toll- og avgiftsunndragingar</u>                       | 12 |
| <u>Hindring av ulovleg vareførsel – spesielt narkotikasmugling</u> | 14 |
| <u>Tilrettelegging av verksemda for næringsliv og publikum</u>     | 18 |
| <u>Administrative forhold</u>                                      | 20 |
| <u>Rekneskap</u>   | 22 |
| <u>Statistikk</u>  | 23 |
| <u>Strategi 2005–2008</u>  | 26 |
| <u>Annual report – English summary</u>                             | 27 |
| <u>Highlights in 2004</u>  | 28 |
| <u>International cooperation</u>                                   | 29 |
| <u>The organisation</u>  | 31 |

## TILPASSING TIL EIT SAMFUNN I ENDRING

2004 markerer eit skilje i historia til Tollvesenet. Ved årsskiftet blei ti tolldistrikt lagde ned for så å stå fram på nytt som seks tollregionar. Før året var omme, var endå fleire endringar komme på plass, og fleire tollstader og einingar blei lagde ned. Det var ei stor utfordring for organisasjonen å gjennomføre alle desse endringane samtidig som drifta og produksjonen skulle haldast oppe. Organisasjonen og medarbeidarane viste imponerende evne og vilje til å samarbeide på tvers av tidlegare distrikts- og kontorgrensar. Drifta blei ikkje berre ført vidare – ho blei òg tilpassa og utvikla i takt med dei nye utfordringane.

Å krevje inn årsavgifta er vanlegvis ei omfattande oppgåve som legg beslag på store ressursar på mange nivå i organisasjonen. I 2004 blei personskadeavgifta innlemma i årsavgifta. Det førte ikkje berre til ein høgare sum på innbetalingsblanketten, men òg til at Tollvesenet fekk fleire nye avgiftsbetalargar. 509 000 nye årsavgiftskrav blei sende ut i midten av august. Omlagginga bydde på store informasjonsutfordringar og sette mange tenestemenn, spesielt i Tollregion Oslo og Akershus, på prøve. Ei krevjande oppgåve blei likevel nok ein gong handtert rutinert og profesjonelt.

I mai fekk EU ti nye medlemsland, og denne utvidinga byr på ei rekkje utfordringar for kontrollverksemda til etaten. Det internasjonale samarbeidet blir stadig viktigare både når det gjeld å sikre effektiv handel over landegrensene og å halde fram kampen mot kriminaliteten. Krav om effektivisering, høgare tryggleik for borgarane, tiltak mot organisert kriminalitet og effektiv behandling av næringslivet står sentralt. Skal tollmyndigheitene klare alle desse oppgåvene, er det heilt avgjerande med god informasjon og gode risikoforskarar. Ei rad flotte beslag både på grensa og i utlandet er resultat av fruktbart samarbeid med toll- og politimyndigheiter i andre land.

I tillegg til dei store beslaga hos meir eller mindre profesjonelle aktørar ser vi at det blir skriva ut dramatisk fleire forenkla førelegg. Det er ei utvikling som er svært urovekkjande. Når dei vanlege reisande ikkje følgjer regelverket, får det konsekvensar for annan tollkontroll. Blir ein reisande stoppa i kontrollen med meir enn den tillatne kvota, er det Tollvesenet si oppgåve å reagere. Vedkommande bind dermed opp store tollressursar. Verdtid som kunne vore brukt på profesjonelle aktørar, går med til å skriva forenkla førelegg for vanlege reisande. Det er ei stor utfordring for ein kontrollstat.

Samtidig har organisasjonen arbeidd med Tollvesenet sin strategi for den neste perioden. Eit arbeid som har vore både vanskeleg og morosamt. Mange medarbeidarar har vore med i prosessen, og det har komme gode bidrag frå alle kantar.

Den nye strategien representerer ikkje noko totalt brot med tidlegare strategiar. Det er nok rett å seie at vi er på stø kurs. Ein ny strategiperiode inneber at vi har brukt året på å leggje bak oss den førre perioden. I denne årsmeldinga har vi derfor ikkje berre oppsummert resultatata frå det siste året, men òg resultatata frå heile strategiperioden.

Det er interessant å sjå korleis perioden sett under eitt kastar lys over resultatata og viser at vi heile tida er i utvikling og blir betre. Krava frå omverda blir tydelegare og sterkare. Inntektene skal krevjast inn på ein effektiv måte, og vi har arbeidd hardt med å betre alle kontrollledda våre. Det er mangt og mykje som blir endra på fem år.


Ved inngangen til den førre strategiperioden såg vi korleis spritbeslaga auka for kvart år. Det heile toppa seg i 2001. Ikkje sidan forbodstida var det beslaglagt så store spritmengder i Noreg. Denne tendensen endra seg drastisk då det blei kjent at eit parti med smuglarsprit inneheldt metanol. Fleire blei sjuke og døydde, og marknaden for smuglarsprit endra seg over natta. Dette er ein marknad som er dominert av store og profesjonelle aktørar som ofte har forgreiningar til utanlandske kriminelle miljø. Det stiller større krav til underretninga vår og til korleis vi vel ut objekt, og i strategiperioden har det skjedd store framskritt på dette området. Ikkje minst har dei to nye skannarane til Tollvesenet vist seg å vere det effektive våpenet vi håpte dei skulle bli. Skannarane representerer ei betydeleg effektivisering og betring av kontrollutveljinga med varesendingar. Fleire varesendingar blir kontrollerte, og den tidlegare svært tidkrevjande lossekontrollen er no blitt langt meir målretta og effektiv.

Tollvesenet si rolle som samfunnsvern har òg blitt langt tydelegare i strategiperioden. Tollvesenet beskyttar mellom anna mot mange former for truslar mot helse, miljø og tryggleik. Dette blei sett på stor prøve i 2001, då norsk landbruk skulle vernast mot munn- og klauvsjuka. Både dyrehelse og matvaretryggleik blei nye område for kontrollverksemda til Tollvesenet. I ettertid er det godt å kunne summere opp strategiperioden med å seie at etaten var fleksibel nok til å handtere også den utfordringa.

Marit Wiig  
toll- og avgiftsdirektør



## ORGANISASJONEN



## TOLL- OG AVGIFTSDIREKTORATET



**Leiinga i Toll- og avgiftsdirektoratet:**

Bak f.v.: Henrik E. Lyng, Roar Weltzien, Esben Wølner og Øystein Haraldsen.

Foran f.v.: Maria Collett Sælør, Alice Jacobsen, Marit Wiig og Hege Turnes



## TOLLREGIONANE



### Tollregion Nord-Noreg

Regiondirektør: Atle Joakimsen

Fylke: Troms og Finnmark

Regiontollstad: Tromsø

Andre einingar: Harstad, Hammerfest, Kirkenes, Helligskogen, Polmak og Vadsø

Årsverk: 78



### Tollregion Midt-Noreg

Regiondirektør: Nils Kristian Moe

Fylke: Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland

Regiontollstad: Trondheim

Andre einingar: Steinkjer, Mo i Rana, Vauldalen, Junkerdal, Bodø og Narvik/Bjørnfjell

Årsverk: 125



### Tollregion Vest-Noreg

Regiondirektør: Ivar Sletten

Fylke: Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Regiontollstad: Bergen

Andre einingar: Egersund, Stavanger, Haugesund, Måløy og Ålesund

Årsverk: 192



### Tollregion Aust-Noreg

Regiondirektør: Kjetil Storaas Hansen

Fylke: Østfold, Hedmark og Oppland

Regiontollstad: Fredrikstad/Svinesund

Andre einingar: Kongsvinger, Hamar, Ørje, Åsnes og Østby

Årsverk: 258



### Tollregion Oslo og Akershus

Regiondirektør: Odd Arne Kristiansen

Fylke: Oslo og Akershus

Regiontollsted: Oslo

Einingar: Gardermoen og Oslo

Årsverk: 539



### Tollregion Sør-Noreg

Regiondirektør: Thorleif Andreassen

Fylke: Vest-Agder, Aust-Agder, Telemark, Vestfold og Buskerud

Regiontollstad: Kristiansand

Andre einingar: Drammen, Skien og Sandefjord

Årsverk: 206





## VIKTIGE SAKER I 2004

### Innkrevjing av avgifter

I 2004 tok Tollvesenet inn 140,6 milliardar kroner til statskassen. Inntektene fordeler seg med 72 milliardar kroner i meirverdiavgift ved innførsel, 38,8 milliardar kroner i motorvognavgifter, 28,2 milliardar kroner i særavgifter og 1,6 milliardar kroner i toll.

### 509 000 nye årsavgiftskrav

Tollvesenet sende i 2004 ut 509 000 krav om årsavgift til nye køyretøygrupper som mellom anna mopedar, traktorar, snøskuterar og veterankøyretøy. Det skjedde som ei følgje av at personskadeavgifta, som tidlegare blei handtert av forsikringsselskapa, blei innlemma i årsavgifta. Tollvesenet sendte ut 2,9 millionar årsavgiftskrav i 2004.

### Ny strategiplan

I 2004 blei strategiplanen til Tollvesenet for perioden 2004–2008 utarbeidd gjennom ein omfattande prosess på alle nivå i organisasjonen. Tollvesenets visjon for dei kommande fire åra er at det skal bli enklare for dei som følgjer reglane, og vanskelegare for dei som bryt dei.

Strategiplanen set brukarane i sentrum. Dei fleste ønskjer å opptre korrekt. Det skal lønne seg å handle rett, og Tollvesenet vil derfor i større grad leggje hindringar i vegen for dei som bevisst opptre lovstridig. Det er grupper som representerer den alvorlegaste kriminaliteten.

### Omorganisering

Frå 1. januar 2004 er lokalforvaltinga til Tollvesenet organisert i seks tollregionar, mens det tidlegare var ti tolldistrikt. 15 tollstader blei lagde ned i 2004. To tollstader blei gjorde om til kontrolleiningar. Det er Stortinget som har vedteke denne omorganiseringa. Verksemda i grensekontrollen er styrkt som følgje av omorganiseringa.

### Nytt valutaregister

Tollvesenet fekk i 2004 ansvaret for å utvikle eit nytt valutaregister. Det nye elektroniske registeret erstattar BRAVO-registeret i Noregs Bank og skal innehalde opplysningar om valutaveksling og overføring av betalingsmiddel inn og ut av Noreg.

Formålet med registeret er i første rekkje å førebyggje og kjempe mot økonomisk kriminalitet og å bidra til rett skatte- og avgiftsbetaling. All erfaring frå finansiell etterforsking viser at det å kunne følgje pengestraumen er eit svært viktig verkemiddel for å avdekkje profittmotivert kriminalitet.

I tillegg til Tollvesenet skal mellom anna Skatteetaten, politiet og finansinstitusjonar ha tilgang til valutaregisteret.

### Tollvesenets kompetansesenter

Tollvesenet er ein av få statlege etatar med eiga etatsutdanning. I 2004 blei den tidlegare tollskulen nedlagd og Tollvesenets kompetansesenter etablert. Opplæringstida er redusert. Det er lagt opp til større valfridom og meir rom for spesialisering. Det blir fokusert meir på høgskule- og universitetsmodular i opplæringa. Stadig meir av undervisinga er nettbasert, og opplæringa kan skje på tenestestaden.

### Skannarane gir resultat

Hausten 2003 fekk Tollvesenet to mobile skannarar. Løyvinga til skannarane var eit resultat av regjeringa si satsing på auka og meir effektiv grensekontroll. 2004 var det første året skannarane var i operativ drift. Det største narkotikabeslaget ved hjelp av skannarane kom i slutten av november då tollarar avslørte over 500 kilo hasj i ein container som passerte inn over Svinesund.




### Internasjonale tollavtaler


Tollavtalen med Sør-Afrika blei signert hausten 2004, og det er den første norske tollavtalen med eit afrikansk land. Avtalen trer i kraft i byrjinga av 2005. Tollavtalane dannar det formelle grunnlaget for samarbeid med utanlandske tollmyndigheiter. Avtalane representerer eit viktig ledd i kampen mot smugling og kontrollen med toll- og avgiftspliktige verksemdar. I 2004 blei det òg skrive under tollavtaler med Italia og Ukraina.

### Tollvesenets historie

Tredje bindet i *Tollvesenets historie* kom ut våren 2004 og handlar om tida frå 1940 til 2000. Beskrivinga av denne epoken i etaten si historie er utarbeidd i samarbeid med Norsk senter for forskning, organisasjon og styring ved Universitetet i Bergen. Det er Øyvind Nordbrønd Grøndahl som har skrive dette bindet.



*GIR RESULTAT: Det største narkotikabeslaget ved hjelp av skanner kom i november 2004, da Tollvesenet avslørte over 500 kilo hasj i ein kontainer som passerte inn over Svinesund. Området innfor den raude rammen utgjer området der partiet med hasj var plassert i lasten.*



## NØKKELTALL

### Inntekter frå toll og avgifter

| Inntekter frå toll og avgifter<br>(tal i millionar kroner) | 2004    | 2003    |
|--|---------|---------|
| Samla inntekter frå toll og avgifter                       | 140 671 | 126 729 |
| Toll   | 1 592   | 1 571   |
| Meirverdiavgift ved innførsel                              | 71 969  | 62 649  |
| Motorvognavgifter  | 38 861  | 33 513  |
| Særavgifter  | 28 249  | 28 996  |

| Fastsetjing                           | 2004      | 2003      |
|---------------------------------------|-----------|-----------|
| Innførselsdeklarasjonar i TVINN*      | 3 908 327 | 3 789 430 |
| Utførselsdeklarasjonar i TVINN        | 1 161 587 | 1 132 825 |
| Inn- og utførselsdeklarasjonar totalt | 5 069 914 | 4 922 255 |

\*) *TVINN: Tollvesenets informasjonssystem med næringslivet.*

| Verksemdskontroll   | 2004   | 2003   |
|---|--------|--------|
| Rekneskapskontrollar <sup>1)</sup>                            | 907    | 976    |
| Etterutrekna beløp i millionar kroner                         | 330    | 354    |
| Av dette toll og særavgifter i millionar kroner               | 141    | 195    |
| Alvorlege lovbrøt   | 39     | 27     |
| Toll- og særavgiftsdelen til kontrollerte firma <sup>2)</sup> | 17,0 % | 40,5 % |

1) Rekneskapskontroll er kontroll av rekneskopen til den avgiftspliktige.

2) Ved avgrensa kontroll hos ein særavgiftspliktig er det f.o.m. 2004 berre inntekta på dei avgiftene som faktisk er kontrollerte, som blir registrert. Talet kan dermed ikkje samanliknast med 2003.






## Innkrevjing og restansar

| Innkrevjing og restansar *) | 2004    | 2003    |
|-----------------------------|---------|---------|
| (tal i millionar kroner)    |         |         |
| Fastsett beløp              | 142 732 | 129 357 |
| Nye restansar               | 222     | 262     |
| Akkumulerte restansar       | 562     | 686     |

\*) Restansane utgjer beløp som ikkje er betalte inn.

| Grensekontroll                   | 2004    | 2003    |
|----------------------------------|---------|---------|
| Kontrollerte objekt              | 178 774 | 128 912 |
| Treff                            | 17 459  | 13 330  |
| Treffprosent kontrollerte objekt | 9,8     | 10,3    |
| Bslag                            | 25 936  | 19 338  |
| Profittmotiverte beslag *)       | 229     | 233     |

\*) Smuglingsforsøket blir utført for å oppnå økonomisk vinst ved vidaresal..



## HOVUDMÅL 1:

### RETT FASTSETJING OG INNKREVJING AV TOLL OG AVGIFTER

I 2004 kravde Tollvesenet inn 140,6 milliardar kroner i toll og avgifter. Tollvesenet krev inn 29 avgifter, og dei samla inntektene til etaten utgjør rundt ein femtedel av inntektene til staten.

Å fastsetje og krevje inn toll og avgifter på rett måte er eit av hovudmåla til Tollvesenet. Etaten skal ta vare på fellesskapsinteresser ved å sikre staten avgiftsinntekter gjennom effektive og brukarvennlige system. Det blir lagt vekt på å få inn pengane staten har til gode, til rett tid.

Ein deklarasjon beskriv varene som ein importør eller eksportør legg fram for Tollvesenet. Deklarasjonen blir ofte send til Tollvesenet gjennom ein representant for importøren/-eksportøren, som regel ein speditør. Tollvesenet kontrollere opplysningane i deklarasjonen og fastset så det rette grunnlaget for avgift og avgiftssats. Først når deklarasjonen er godkjend, får eigaren fri tilgang til varene.

#### Rett fastsetjing

Det er i Tollvesenets og dei avgiftspliktige si interesse at beløpet som skal betalast, blir rett fastsett første gongen. Derfor legg etaten store ressursar i å informere og rettleie dei som deklarerer og betaler toll og avgifter. Det er gjennomført systematiske informasjons- og opplæringstiltak hos deklaranter dei siste åra. Desse tiltaka blir følgde opp med analysar og kontrollar. Erfaringane så langt tilseier at deklaranter som får informasjon frå tollregionane, betrar kvaliteten på arbeidet sitt på kort sikt. Men tiltaka må følgjast opp for at kvaliteten skal bli betre over tid.

#### Kontroll med deklarasjonar

I 2004 tok Tollvesenet imot 5 millionar inn- og utførselsdeklarasjonar. Desse deklarasjonane blir behandla elektronisk i fortollingssystemet TVINN (Tollvesenets Informasjonssystem med Næringslivet). Deklarasjonane blir òg kontrollerte gjennom dette systemet.

Kontroll med deklarasjonane er det viktigaste verkemiddelet for å sikre rett innbetaling av toll og avgifter. Talet på dokumentkontrollar auka i 2004. Det same gjorde talet på kontrollar der tollarane fysisk undersøker varene. Det blei levert inn 150 000 fleire deklarasjonar i 2004 enn året før.

Kontroll av inntektene frå særavgiftene skal aukast for å sikre staten inntekter frå særavgiftene på ein endå betre måte. Det beste er at Tollvesenet så tidleg som mogleg kontrollerer at det er rett fakturagrunnlag på den enkelte særavgiftsoppgåva.

#### 140,6 milliardar kroner

I 2004 kravde Tollvesenet inn 140,6 milliardar kroner til statskassen. Inntektene fordeler seg med 72 milliardar kroner i meirverdiavgift ved import, 38,8 milliardar kroner i motorvognavgifter, 28,2 milliardar kroner i særavgifter og 1,6 milliardar kroner i tollinntekter.

Inntektene har auka med 11 prosent (13,9 milliardar kroner) frå 2003. Auken er i all hovudsak i meirverdiavgifta ved import og i motorvognavgiftene.

#### Restansane er reduserte

Restansane til Tollvesenet er reduserte i 2004. Det er pengar som dei som skal betale toll og avgifter, framleis skuldar Tollvesenet. Etaten fekk i 2004 inn 99,86 prosent av dei ordinære krava som blei skrivne ut. Restansane er reduserte på alle område og mest på motorvognavgiftene vektårsavgift og årsavgift. Ei av årsakene til det er at det er Statens innkrevjingssentral som driv inn årsavgifta.



### Elektronisk transittering

Noreg er blant dei 28 landa som bruker det elektroniske transitteringssystemet NCTS (New Computerized Transit System), som på norsk har fått namnet TET (Tollvesenets elektroniske transittering). Transitteringssystemet gjer det mellom anna mogleg å utveksle informasjon raskare, både mellom næringslivet og Tollvesenet nasjonalt og mellom tollmyndigheitene i dei landa som er tilknytte transitteringssystemet. Tollvesenet har nytte av informasjonen i samband med oppfølgings- og kontrollarbeid.

Talet på elektroniske transitteringar til mottakartollstader i Noreg er meir enn dobla i 2004. Første kvartal fekk vi tilsendt om lag 64 000 transitteringsdeklarasjonar elektronisk, mens vi i fjerde kvartal tok imot meir enn 140 000 transitteringar. Årsaka til den kraftige auken er dels at nye land knytte seg til systemet i 2004, dels at alle autoriserte mottakarar måtte knytte seg til systemet i første halvdel av 2004. Den elektroniske meldingsutvekslinga med næringslivet er no på vel 80 prosent.

### RETT FASTSETJING OG INNKREVJING AV TOLL OG AVGIFTER FRÅ 2001 TIL 2004

Summen av toll og avgifter har vore stabil lenge, men auka i 2004. Årsaka til det er hovudsakeleg knytt til ein auke i meirverdiavgift og motorvognavgifter.

| 2004  | 2003  | 2002  | 2001  |
|-------|-------|-------|-------|
| 140,6 | 126,7 | 123,9 | 128,6 |

I 2001 tok Tollvesenet inn 65,6 milliardar kroner i meirverdiavgift ved innførsel, mens summen auka til 72 milliardar kroner i 2004.

Eingongsavgifta er den største motorvognavgifta. I 2001 tok Tollvesenet inn 10 milliardar kroner i eingongsavgift; i 2004 steig summen til nærmare 16,4 milliardar kroner.

Den største utsendinga av krav frå Tollvesenet skjer i samband med årsavgifta. I 2001 blei det sendt ut krav til over 2,3 millionar køyretøyeigarar. I 2004 steig talet til nærmare 3 millionar køyretøy, hovudsakeleg fordi personskadeavgifta blei innlemma i årsavgifta i 2004. I same perioden auka inntekta frå avgifta frå 5,3 til 6,9 milliardar kroner.

Ein større del av krava blei betalte i rett tid i perioden. I 2001 blei 96,5 prosent av krava betalte ved forfall; i 2004 var talet 98,1 prosent. Når det gjeld restansar, så har dei blitt gradvis reduserte gjennom strategiperioden. I forhold til inngangen på perioden har nye restansar blitt reduserte frå 0,32 prosent av fastsette krav til 0,16 prosent. Akkumulerte restansar er reduserte frå 0,74 til 0,39 prosent.



## HOVUDMÅL 2:

### AVDEKKJE TOLL- OG AVGIFTSUNNDRAGINGAR

Dei økonomiske kontrollane til Tollvesenet skal hovudsakeleg rettast inn mot område der risikoen for unndraging av toll og avgifter er størst. Bedriftene som Tollvesenet kontrollerer, skal representere ein størst mogleg del av det samla inntektsgrunnlaget til etaten.

I 2004 blei 80 bedrifter som deklarerer for meir enn 10 millionar kroner i toll og avgifter, kontrollerte. Dei siste åra er alle store toll- og avgiftspliktige firma i Noreg kontrollerte.

I 2004 begynte ein òg med kontrollaksjonar retta mot generell eksport. Det er i tillegg sett i gang ein kontrollaksjon mot ulovleg utførsel av kulturminne. Importen av frukt og grønsaker blir kontrollert spesielt. Det same blir firma som importerer eller eksporterer landbruksprodukt. Ei rekkje firma som betaler eingongsavgift, og fleire tollagerhaldarar har òg blitt kontrollerte.

#### Fleire grove lovbrøt

Det blei utført 900 rekneskapskontrollar i 2004. Tollregionane meiner at dei kontrollerte verksemdene til saman skuldar statskassen 330 millionar kroner. Firmakontrollane avdekte 39 alvorlege lovbrøt og førte til 14 politimeldingar.

#### Kontroll med fiskeeksportørar

Tollvesenet avslutta i 2004 ein stor landsomfattande aksjon der eksportørar av kvitfisk (torsk, hyse og sei) og reker til EU blei kontrollerte. Tollvesenet såg til at krava til norsk opphav (EØS) var oppfylte. Fangsten må som hovudregel vere fiska og teken i land frå eit norsk fartøy.

200 eksportørar har blitt kontrollerte i denne aksjonen, som begynte i 2000. I tillegg er fleire innanlandske leverandørar kontrollerte. Kontrollen med fiskeeksportørane blir gjennomført med bakgrunn i internasjonale avtalar og er med på å sikre at Noreg har eit godt internasjonalt omdømme. Toll- og avgiftsdirektoratet følgjer nøye med på korleis regelverket blir

praktisert, og kva kontrollmetodar som blir brukte, gjennom behandlinga av klagesaker og kontakten med tollregionane. Det er dessutan tett kontakt med EUs etterforskingseining, OLAF. Kontrollaksjonen har ført til fleire rettsaker.

#### Eksportkontrollar

I 2004 starta Tollvesenet opp ein landsomfattande kontroll av eksporten frå Noreg. Det er i tråd med regjeringa sin handlingsplan mot økonomisk kriminalitet. Tollvesenet blir her bedt om å satse på eksportkontrollar for å avdekkje fiktiv utførsel, urettmessig refusjon av meirverdiavgift og svart omsetnad. Regjeringa ønskjer at dette kontrollområdet blir prioritert, mellom anna med tanke på Noregs omdømme som eksportnasjon.

#### Kunst og antikvitetar

I 2004 starta òg ein landsomfattande kontrollaksjon for å avdekkje og hindre ulovleg utførsel av kunst og antikvitetar. Kontrollane resulterte i fem politimeldingar. Brot på kulturminnelova blir rekna som alvorleg i tråd med signala frå Riksantikvaren.

#### Kontroll med landbruksvarer

Det er framleis toll på ein del landbruksvarer. Det blir dessutan gitt støtte til eksport av ei rad landbruksprodukt. Tollvesenet har dei siste åra gjennomført bransjekontroll på landbruksvarer. Bransjekontroll er kontrollaksjonar som rettar seg mot spesielle toll- og avgiftspliktige bransjar. I 2004 resulterte desse kontrollane i krav frå tollregionane på 25 millionar kroner. Tollvesenet tok mellom anna til å kontrollere importen av frukt, grønsaker og blomster. Dette arbeidet held fram i 2005.





### Kontroll med eingongsavgifta

Bransjekontrollen med eingongsavgifta blei avslutta i 2004. Totalt er det gjennomført 400 kontrollar over ein treårsperiode. Kontrollane har resultert i krav frå tollregionane på meir enn 11 millionar kroner. Eingongsavgifta blei endra i 2001. Avgifta blir no betalt når køyretøyet blir registrert i Noreg for første gong. Tidlegare blei avgifta kravd inn i samband med innførselen til Noreg.

### Kontroll med tollager

Fleire bedrifter har fått løyve til å opprette tollager. Det er lager der varene ligg ufortolla. I 2004 kontrollerte Tollvesenet 116 slike tollager. Kontrollane resulterte i krav frå tollregionane på 36 millionar kroner.

### AVDEKKJE TOLL- OG AVGIFTSUNDRAGINGAR FRÅ 2001 TIL 2004

Regnskapskontrollar:

| År   | Talet på kontrollar | Etterutrekna for:    |
|------|---------------------|----------------------|
| 2001 | 742                 | 1 milliard kroner    |
| 2002 | 1 056               | 617 millionar kronar |
| 2003 | 976                 | 354 millionar kronar |
| 2004 | 900                 | 330 millionar kronar |

Talet på rekneskapskontrollar har variert. I første delen av strategiperioden blei dei største bedriftene kontrollerte, mens dei mindre og mellomstore bedriftene er blitt kontrollerte i siste delen av perioden.



### HOVUDMÅL 3:

## HINDRING AV ULOVLEG VAREFØRSEL – SPESIELT NARKOTIKASMUGLING

**Ei av dei viktigaste samfunnsoppgåvene til Tollvesenet er å hindre ulovleg inn- og utførsel av varer.**

Det er sett inn store ressursar i kampen mot narkotikasmuglinga. Tiltak for å avgrense smuglinga av varer med høge avgifter – sprit, sigarettar/tobakksvare, brennevin, vin og øl – er òg prioritert. Desse varene er enkle å selje vidare, og smuglinga gir høg fortjeneste til aktørane.

Truslar mot samfunnet kan vere terror, narkotikasmugling, ulike former for organisert kriminalitet, miljøfarar, svekt matvaretryggleik, sjukdom og svekt dyrehelse. Her fyller Tollvesenet ei viktig samfunnsbeskyttande rolle. Ved å vere til stades på grensene og ha kontroll med vareførselen står etaten i første linje i forhold til den risikoen som straumen av varer, transportmiddel og personar representerer.

Omorganiseringa av Tollvesenet i 2003 førte til at fleire tollarar enn tidlegare no fører tilsyn med personar og varer i grensekontrollen.

Det er etablert fleire og større mobile kontrollgrupper. Det gjer at folk oftare møter tollarane ved grensene, med andre ord at dei er meir til stades. Etaten jobbar heile tida med å få frigjort administrative ressursar som kan brukast til kontrollverksemd.

Underretning og risikoanalyse er grunnlaget for kven eller kva som blir kontrollert. Toll- og avgiftsdirektoratet har ei eiga analyseining, og tollregionane legg òg større vekt på å analysere risikobiletet. Desse analysane dannar grunnlaget for lokale prioriteringar i kontrollarbeidet, og innsatsen kan setjast inn på dei områda der risikoen for smugling og avgiftsunndragingar er størst.

Datasystema til Tollvesenet inneheld mykje informasjon om vareførsel og trafikkmonster. Utdringa er å bruke

informasjonen meir målretta. Det er eit tett samarbeid med tollvesena i andre land om utvikling av risikoprofilar og tiltak mot smugling.

#### Fleire blir kontrollerte

Det var monaleg fleire kontrollerte objekt i 2004. Grunnen til det er at det har vore fleire tollarar på plass ved grensene. Til saman er nær 180 000 personar, transportmiddel og vare- sendingar kontrollerte. Som ei følge av at fleire blei kontrollerte, blei det òg gjort fleire beslag. Prosentvis var det likevel færre beslag. Tollarane avdekte lovbrøt i ti prosent av dei kontrollerte objekta. Det er ein liten nedgang frå 2003.

Det er framleis størst treffprosent i personkontrollen. Det blir no satsa på å auke treffprosenten i godskontrollen.

#### Skannarar i smuglingskontrollen

Hausten 2003 kjøpte Tollvesenet to mobile skannarar. 2004 er det første operative driftsåret for denne eininga. Skannarane kan gjennomlyse 15–20 trailerar på ein times tid. Dei effektiviserer arbeidet med å velje ut kva varesendingar som skal kontrollerast. Operatørane plukkar ut interessante kontrollpunkt i lasten ved hjelp av eit skjermbilete dei får under gjennomlysinga (sjå side 7). Tollarane kan derfor konsentrere seg om delar av lasten. Det som før var ein svært tidkrevjande kontroll fordi ein gjerne måtte losse heile lasten, er no blitt meir målretta og tidssparande for både Tollvesenet og næringslivet.

Den første delen av året blei brukt til å gjere seg betre kjend med utstyret og kartleggje og prøve ut kontrollplassar. Skannarane er blitt brukte over store delar av landet, og utover året kom òg resultatane. Skannareiningane kunne mellom anna notere seg for beslag av eit halvt tonn hasj, 800 liter brennevin og 600 000 sigarettar.



### Portalar som avdekkjer radioaktivt eller spaltbart materiale

Ved grenseovergangen Storskog, på grensa mot Russland, er det installert tre portalar/detektorar som skal avdekkje smugling av radioaktivt eller spaltbart materiale. All grensepassering skjer via ein av portalane.

### Profittmotivert smugling

Tollvesenet har som mål å avsløre stadig fleire tilfelle av profittmotivert smugling. Det kan vere varer som er høgt skatta i Noreg (til dømes sigarettar, brennevin, vin og øl), eller varer som det er ulovleg å importere eller selje utan særleg løyve (til dømes sprit). Talet på profittmotiverte smuglingsforsøk var noko redusert i 2004.

Tollvesenet jobbar med å skaffe seg meir kunnskap om den illegale marknaden, særleg i forhold til narkotika og sigarettar. Staten prioriterer òg gods- og varekontroll i arbeidet med å avdekkje større organiserte smuglingsforsøk.

Toll- og avgiftsdirektoratet har utarbeidd ei risikovurdering i tilknytning til EU-utvidinga. Det er dessutan etablert eit tettare samarbeid med svenske tollmyndigheiter, og det har ført til fleire større beslag av narkotika- og varesendingar som var på veg til Noreg.

### Metanolsprit

Etter at Tollvesenet i 2002 beslagla eit parti med sprit som inneheldt metanol, er det gjort færre spritbeslag. 18 personar i Noreg har døydd etter å ha drukke metanolhaldig sprit. Strafferamma for spritsmugling er auka frå to til seks år. Fleire av aktørane i den illegale spritmarknaden er pågripne, sikta eller tiltalte som eit resultat av samarbeidet mellom Tollvesenet og politiet.

Tollvesenet samarbeider òg nært med dei andre nordiske landa i kampen mot spritsmuglinga. Tollvesenet leier eit nordisk analyseprogram om smugling av sprit og sigarettar.

### Auka narkotikasmugling

Tollvesenet beslagla meir av dei fleste narkotiske stoffa i 2004. Det blei mellom anna beslaglagt monaleg meir cannabis (hasj og marihuana), totalt 1,2 tonn. To beslag står for 60 prosent av den samla mengda cannabis og skjedd som følgje av godt underrettingsarbeid og samarbeid med andre myndigheiter. Det eine beslaget (500 kilo) blei avdekt ved hjelp av skannar.

Det var ein mindre auke i beslaglagd mengd heroin; til saman blei det beslaglagt 26,8 kilo. Det blei beslaglagt over 32 kilo kokain, ein auke på fem kilo frå året før.

Den beslaglagde mengda amfetamin gjekk noko tilbake i Noreg, men utanlandske myndigheiter tok beslag i over 100 kilo amfetamin som var på veg til den norske marknaden. Det blei òg beslaglagt store mengder andre narkotiske stoff i utlandet som var på veg til Noreg. Fleire av beslaga er resultat av samarbeidsaksjonar mellom norske og utanlandske myndigheiter.

### Fleire sigarettar

Talet på beslaglagde sigarettar er nær dobla i 2004. Det har òg blitt beslaglagt fleire større parti sigarettar i utlandet som var på veg til Noreg. Det er beslaglagt fleire falske sigarettar enn før, altså sigarettar som ikkje er originalvare, men som er produserte illegalt. Analysar som er gjorde ved tollaboratoriet og hos tobakksfabrikantar i utlandet, viser at desse sigarettane kan vere særleg helsefarlege fordi samansetjinga av stoffa er ukjend.



## Store narkotikabeslag i 2004

### Hasj:

500 kilo, Svinesund 30. november

230 kilo, Langesund 28. september

117 kilo, Svinesund 13. desember

70 kilo, Svinesund 18. april

### Amfetamin:

22 kilo, Svinesund 31. juli

13,5 kilo, Svinesund 3. juli

10,1 kilo, Svinesund 23. februar

6,5 kilo, Oslo 5. oktober


### Heroin:

6,3 kilo, Larvik 8. desember

2 kilo, Svinesund 3. november


## Cannabisbeslag

Gram



## Sigarettesbeslag


Stk







### Vinbeslag



#### HINDRING AV ULOVLEG VAREFØRSEL – SPESIILT NARKOTIKASMUGLING, 2001–2004

Talet på kontrollerte objekt har variert i perioden, frå 185 000 i 2001, via 121 000 og 129 000 i høvesvis 2002 og 2003, til 179 000 i 2004.

Det høge talet på kontrollerte objekt i 2001 har utgangspunkt i innsatsen til Tollvesenet i samband med utbrotet av munn- og klauvsjuka i delar av Europa det året. Etter pålegg frå regjeringa sette Tollvesenet i verk den mest omfattande grensekontrollen nokosinne.

Auken i kontrollerte objekt i 2004 er mellom anna eit resultat av at Tollvesenet omorganiserte lokalforvaltninga for å styrkje grensekontrollen.

Narkotikabeslaga har auka i strategiperioden (sjå beslagsstatistikken på side 25). Det gjeld for dei fleste typar narkotiske stoff. Kampen mot narkotikasmugling og annan ulovleg vareførsel høyrer til blant dei viktigaste oppgåvene til

Tollvesenet. Det er òg beslaglagt monaleg meir brennevin, vin og øl i strategiperioden. Sigarettbeslaga er høgast ved utgangen av perioden.

Det har blitt beslaglagt langt mindre sprit (brennevin over 60 volumprosent) etter at Tollvesenet hausten 2002 konfiskerte eit spritparti som viste seg å innehalde metanol. Fleire av hovudaktørane i det illegale spritmiljøet er pågripne etter samarbeid mellom Tollvesenet og politiet.

Auken i beslag heng saman med at Tollvesenet bevisst satsar på risikoanalyse og underretning. Det har ført til ein meir målretta kontroll. Omorganiseringa av etaten har gjort at det no er fleire tollarar i grensekontrollen. Det er bygd opp fleire og meir slagkraftige mobile kontrollgrupper. Tollvesenet er meir til stades på grensene – òg på stader der folk sjeldan eller aldri møte tollarar tidlegare. I 2004 tok Tollvesenet i bruk to mobile skannarar. Dei har allereie vist seg å vere eit effektivt våpen i kampen mot smuglarane.



## HOVUDMÅL 4:

### TILRETTELEGGING AV VERKSEMDA FOR NÆRINGS LIV OG PUBLIKUM

Det blir lagt stor innsats i å gjere etaten meir open og tilgjengeleg. Tollvesenet vil gjerne bli oppfatta som serviceinnstilt og moderne. Det skal vere enkelt for publikum og næringslivet å komme i kontakt med etaten og å følgje regelverket.

#### Kommunikasjon og informasjon

Statens informasjonspolitikkk gir retningslinjer for korleis Tollvesenet skal tilpasse seg omverda. Tollvesenet bruker tilbakemeldingar frå publikum, næringslivet og pressa aktivt i informasjonsplanlegginga si. Etaten prioriterer plikt- og rettsinformasjon til publikum og næringsliv. Informasjonstiltaka til Tollvesenet er målretta. Det gjeld på område som til dømes årsavgifta og ved større endringar i regelverket. Tollvesenet legg òg stor vekt på å samarbeide med andre statlege etatar om informasjonstiltak der det er naturleg.

Tollvesenet ønskjer å samarbeide med dei avgiftspliktige og leggje verksemda til rette for brukarane. Etaten er derfor oppteken av å gjere regelverket enklare, tilby forenkla ordningar og gi informasjon og opplæring. Målet er å leggje betre til rette for dei som ønskjer å handle i samsvar med regelverket.

Tollvesenet skal bidra til at konkurransevilkåra for næringslivet blir så like som råd er. Etaten må samtidig sørge for at brukarane tek konsekvensen av informasjonen og opplæringa som blir gitt, og at omfanget av avgiftsunndragingar og økonomisk kriminalitet blir redusert. Dei avgiftspliktige må derfor følgjast aktivt opp gjennom kontroll.

#### Informasjonssenter

I 2004 blei det gjennomført eit prosjekt som hjelpte tollregionane med å opprette egne informasjonssenter. Tollregion Oslo og Akershus har hatt eit slikt informasjonssenter sidan 1997. Dei regionale informasjonssentera skal bidra til at publikum får rett, oppdatert og lik informasjon same kvar i Tollvesenet dei vender seg. Sentera blei etablerte 1. januar 2005.

#### Kontakt med bransjar

Tollvesenet har utstrekt kontakt med bransjeorganisasjonar. Det gjeld mellom anna representantar for bilforhandlarar, eksportørar, energibransjen og speditør- og transportbransjen.

#### Gjer regelverket enklare

I 2004 er det sett i gang, greidd ut og gjennomført ei rekkje endringar som moderniserer og forenkler regelverket. Toll- og avgiftsdirektoratet deltek i arbeidet med tollregelverket, ny meirverdiavgiftslov og ny skatteinnkrevjingslov. Det er arbeid med å leggje om avgifta på sluttbehandling av avfall for forbrenningsanlegg, med ny opphavsforskrift og med opphavsreglane i frihandelsavtalane. Forbruksavgifta på elektrisk kraft blei lagt om 1. juli. Toll- og avgiftsdirektoratet har òg arbeid med reviderte reglar for bokføringsmessig åtskiljing og godkjende eksportørar. Reglane for mellombels bruk av utanlandsregistrerte køyretøy er blitt moderniserte, og det har komme ny forskrift om lempinga på meldeplikta for småfly.

#### Enklare fortolling og utsortering

Forenkla fortolling inneber at dei som blir autoriserte til det, kan lage ei samla periodisk fortolling av varer til privatpersonar med verdi på mellom 200 og 1000 kroner. Utsortering inneber at det blir gitt autorisasjon til å sortere ut pakkar som ikkje skal leggjast fram for fortolling. Forenklingane blei sette i verk som eit pilotprosjekt med Posten Norge i 2004. Ordningane er seinare evaluerte. I påvente av nødvendige regelendringar er pilotdrifta forlengd til ut 2005.

#### Periodisk fortolling

To norske og eitt svensk firma er med i eit pilotprosjekt med forenkla grensepassering mellom Noreg og Sverige og periodisk fortolling. Dei slepp å melde seg for Tollvesenet ved grensepassering og leverer i staden ein samledeklarasjon ein gong i månaden. Dei slepp å lage ein deklarasjon ved kvar enkelt inn- eller utførsel, noko som gjer at både dei og Tollvesenet sparer pengar. Prøvedrifta er forlengd til ut første halvdel av 2005.



### Fortolling for privatpersonar på Internett

Varer med verdi på inntil 1000 kroner kan fortollast via nettsida til Tollvesenet. Varene blir deretter leverte ut frå tollageret. Varer med restriksjonar eller som det blir kravd avgift for i tillegg til toll og meirverdiavgift, kan ikkje fortollast på nettet. Ordninga gjeld berre privatpersonar, og ein må registrere seg som brukar før ein kan fortolle noko.

### Seminar

I 2004 arrangerte Toll- og avgiftsdirektoratet to seminar for næringslivet. Seminara tok for seg frihandelsavtalar og opphavsreglar, spesielt regelverket knytt til eksport av fisk og fiskeprodukter. Enkelte tollregionar har òg arrangert kurs for næringslivet i frihandelsavtalar og vareklassifisering. Tollvesenet har dessutan undervist på kurs og seminar i regi av næringslivsorganisasjonar.

### Rekneskapskontrollar

Tollrevisorane som kontrollerer bedriftsrekneskapa, legg vekt på å informere bedriftene om regelverket. Enkelte av kontrollane har som formål å gå gjennom internkontrollsystema til bedriftene – såkalla systemkontrollar – der informasjon og rettleiing inngår som ein større del av kontrollen.

### www.toll.no

I 2004 blei det arbeidd med å utvikle ei ny nettløysing for Tollvesenet på [www.toll.no](http://www.toll.no). Den nye løysinga skal vere brukarane sin favorittkanal for informasjon og tenester og bidra til at Tollvesenet står fram som éin etat. Løysinga skal vere mest mogleg brukarvennleg og enkel å halde oppdatert til kvar tid. Nye [www.toll.no](http://www.toll.no) skal vere tilgjengeleg hausten 2005.

### Temahefte

I 2004 har det blitt utarbeidd ein temahefteserie som til saman dekkjer regelverket for vareførselen til Noreg. Toll- og avgiftsdirektoratet arbeider kontinuerleg med å oppdatere informasjon både elektronisk og i papirversjon.

### Tollvesenet og media

Verksemda til Tollvesenet er stadig i mediasøkjelyset.

Årsavgifta og beslaga til Tollvesenet fekk særleg mykje merksemd i media i 2004.

### Småbåtregisteret


Det var eigentleg planlagt at ein privat drivar skulle ta over drifta av det sentrale småbåtregisteret frå 1. januar 2005. På grunn av forseinkingar i overføringa til ny systemeigar har Tollvesenet drifta det også etter 1. januar. I mars 2005 tek Redningsselskapet over ansvaret for registeret.

### TILRETTELEGGING AV VERKSEMDA FOR NÆRINGS LIV OG PUBLIKUM I PERIODEN 2001–2004

Fleire tollregionar har gjennomført informasjons- og rettleiings-tiltak overfor deklaranter for å heve kvaliteten på informasjonen Tollvesenet får frå næringslivet. Målet har vore å sikre at rett avgift har blitt fastsett, for å spare ressursar både for deklaranter og Tollvesenet.

I 2003 blei det sett i gang eit arbeid med autorisasjonsordningar. Målet var at aktørar som tilfredsstilte visse kvalitetskrav, skulle få betre vilkår i samband med mellom anna grensepassering. Eit pilotprosjekt med tre firma i Noreg og Sverige blei evaluert av tollmyndigheitene i dei to landa i 2004. Resultata viste at ordninga gav stor økonomisk vinst. Samtidig var det behov for eit breiare erfaringsgrunnlag for å kunne ta ei endeleg avgjerd om permanent drift. Pilotprosjektet held derfor fram i 2005.

Det blir arbeidd med å kontinuerleg oppdatere informasjon både elektronisk og i papirversjonen. Det har blitt lagt spesiell vekt på målretta informasjonstiltak ved regelendringar. Etaten har eit særleg ansvar for plikt- og rettsinformasjon, noko som er bakgrunnen for at det i 2004 blei bestemt at det skulle opprettast regionale informasjonssenter i kvar tollregion. Det har òg blitt arrangert kurs i regelverk for næringslivet.



## ADMINISTRATIVE FORHOLD

Tollvesenet er ein etat som sorterer under Finansdepartementet. Etaten er organisert i eit sentralt direktorat og ei lokalforvaltning med seks tollregionar med underliggjande einingar. Det er toll- og avgiftsdirektør Marit Wiig som er leiar for Tollvesenet.

Toll- og avgiftsdirektoratet er delt inn i fem fagavdelingar: administrasjonsavdelinga, innkrevjings- og rekneskapsavdelinga, IT-avdelinga, juridisk avdeling og prosedyre- og kontrollavdelinga.


Ved utgangen av 2004 var det 1808 tilsette i etaten. Av dei er 61 i permisjon utan lønn, slik at det reelle talet er 1747.

Summert i ressursar utgjorde det til saman 1670 årsverk i 2004. Sjå nedanfor for ressursfordeling.

### Kjønnsfordeling

I tollregionane er 46,5 prosent av dei tilsette kvinner og 53,5 prosent menn. For Toll- og avgiftsdirektoratet er dei tilsvarende tala 48,4 prosent og 51,6 prosent. Tollvesenet skal framleis arbeide for å rekruttere kvinner til leiarstillingar. I 2004 er det 28,5 prosent kvinner i leiarstillingar i Tollvesenet. For Toll- og avgiftsdirektoratet er talet 44 prosent.

Geografisk fordeler årsverka seg slik:





### Omorganisering av forvaltning og ressursbruk

1. januar 2004 tredde den nye regioninndelinga av Tollvesenet i kraft. Som ei følge av omorganiseringa slutta 46 tenestemenn. 16 tenestemenn flytte til ein annan region, og 27 tenestemenn bytte tenestestad innanfor same regionen.

Sjølv om Tollvesenet etter omorganiseringa har hatt om lag 30 årsverk mindre i 2004 enn i 2003, har grensekontrollen blitt styrkt, og det er oppretta fleire mobile kontrollgrupper. Ressursane i verksemdskontrollen er i større grad sette inn på å kontrollere næringslivet i Tollregion Oslo og Akershus.

I fastsetjingskontrollen har det at ressursane no er samla i større einingar, auka produktiviteten. Ressursbruken på administrative oppgåver og under innkrevjing/rekneskap har blitt noko redusert som følge av at ti distrikt er reduserte til seks regionar.





Bemanning fordelt på oppgåver (årsverk)

- Fastsetje og krevje inn toll og avgifter
- Avdekkje toll- og avgiftsunndragingar
- Narkotika- og grensekontroll
- Leggje verksemda til rette for publikum og næringsliv
- Kompetanseutvikling
- Administrative oppgåver
- Fråvær (ferie, permisjon og sjukdom)

Hovudoppgåver/-område i samsvar med strategiplanen for 2001–2004.

| Ressursbruk i Tollvesenet i 2004 (årsverk)            | Ressursbruk 2004 | Ressursbruk 2003 |
|---|------------------|------------------|
| Fastsetje og krevje inn toll og avgifter              | 485,0            | 512              |
| Avdekkje toll- og avgiftsunndragingar                 | 133,4            | 129,8            |
| Narkotika- og grensekontroll                          | 285,5            | 272,3            |
| Leggje verksemda til rette for publikum og næringsliv | 69,1             | 71,4             |
| Kompetanseutvikling                                   | 53,2             | 56,8             |
| Administrative oppgåver                               | 317,5            | 321,3            |
| Fråvær (ferie, permisjon og sjukdom)                  | 326,6            | 334,7            |
| <b>Sum</b>  | <b>1670, 1</b>   | <b>1698, 7</b>   |

Under administrative oppgåver ligg mellom anna IT-aktivitetar, personalleing, fagforeinings- og vernearbeid, internrevisjon, kontrolloppgåver, personalarbeid, økonomistyring, innkjøp, vedlikehald av teknisk utstyr og bilar, drift av bygningar, sentralbord, journal, tryggingarbeid/HMS, utviklingsarbeid, regelverksarbeid, høyringssaker og prosjektdeltaking.

### Oppgåvegjennomgang i Toll- og avgiftsdirektoratet

Etter organisatoriske endringar i lokalforvaltninga har toll- og avgiftsdirektøren sett i verk ein gjennomgang av arbeidsoppgåvene i Toll- og avgiftsdirektoratet. Målet er å reindyrke direktoratsrolla. I gjennomgangen har ein undersøkt kva oppgåver som kan fjernast eller flyttast ut av direktoratet, og vurdert om oppgåvene i Toll- og avgiftsdirektoratet er organiserte på ein høveleg måte.


### Rammevilkår

I 2004 hadde Tollvesenet eit budsjett på 1,100 milliardar kroner. Det var ein liten auke frå året før, då budsjettet var på 1,004 milliardar kroner.

### Sjukefråvær

Sjukefråværet har gått ned i 2004. Gjennomsnittleg sjukefråvær

i Tollvesenet var på 6,8 prosent, ein nedgang på 0,3 prosentpoeng i forhold til 2003. Langtidsfråværet utgjer 4,7 prosent, som er ein auke på 0,1 prosentpoeng i forhold til 2003. Langtidsfråvær er fråvær over 14 dagar.





## REKNESKAP

| Løyving og drifts-rekneskap<br>(tall i millioner kroner*) | Løyving<br>i 2002 | Løyving<br>i 2003 | Løyving<br>i 2004 | Rekneskap<br>2004 | Avvik<br>i kroner | Avvik<br>i prosent |
|---|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------|
| Post 01 Driftsutgifter                                    | 893,17            | 968,97            | 1016,48           | 985,15            | 31,33             | 3,1 %              |
| Post 21 Spesielle driftsutgifter                          | 2,00              | 2,15              | 2,20              | 1,49              | 0,71              | 32,27 %            |
| Post 45 Større utstysinvesteringar<br>og vedlikehald      | 108,58            | 104,63            | 81,74             | 63,16             | 18,58             | 22,73 %            |
| <b>Sum</b>  | <b>906,09</b>     | <b>1 003,75</b>   | <b>1 100,42</b>   | <b>1 049,79</b>   | <b>50,57</b>      | <b>4,60 %</b>      |

\*) Tallene er runda av.

### Kommentarar:

#### Post 01

Løyvinga inkluderer mottekte refusjonar og sjuke- og fødselspengar. Mindreforbruket i post 01 Driftsutgifter på 31,3 millionar kroner er fordelt på 2,4 millionar kroner i tollregionane og 28,9 millionar kroner i Toll- og avgiftsdirektoratet og er i hovudsak knytt til iverksette investeringar og tiltak. Beløpet blir overført til 2005 for å dekkje pådregne plikter.

#### Post 21

Posten er ei overslagsløyving, og det er ingen spesielle forhold å kommentere.

#### Post 45

Mindreforbruket i post 45 på 18,5 millionar kroner er knytt til IT- kontraktar som er gjorde i 2004 med forfall i 2005, og siste avdraget på skannarar og servicekontrakt på desse.

### Tilknytning

Tollvesenet sorterer under Finansdepartementet og har organisatorisk status som eit forvaltingsorgan. Både juridisk og økonomisk er etaten ein del av staten og dermed omfatta av statsbudsjettet. Tollvesenet får løyvingar i form av tildeling gjennom statsbudsjettet.

### Rekneskapsprinsipp

Som statleg forvaltingsorgan følgjer Tollvesenet løyvingsreglementet til staten og krava som blir stilte til rekneskapsførsel.

Rekneskapen blir dermed ført etter bruttoprinsippet (inntekter og utgifter blir førte separat) og kontantprinsippet (inntekter blir førte når dei blir betalte inn, utgifter når dei blir betalte ut).

Kontantprinsippet inneber at også større investeringsutgifter blir førte i det året dei blir betalte, og det er inga avskrivning i rekneskapane for seinare år. Eignedelar i form av kontantbeholdning og bankinnskot blir framstilte i kapitalrekneskapen til staten. Tollvesenet skal kontrollerast av Riksrevisjonen.

## STATISTIKK

### Inntekter frå toll og avgifter

(beløpa er i millionar kroner)

| Toll og meirverdiavgift                           | 2004             | 2003             |
|---|------------------|------------------|
| Toll  | 1 591,6          | 1 571,2          |
| Meirverdiavgift                                   | 71 968,6         | 62 648,9         |
| <b>Motorvognavgifter</b>                          | <b>2004</b>      | <b>2003</b>      |
| Eingongsavgift på motorvogner o.a.                | 16 387,1         | 12 750,4         |
| Årsavgift   | 6 957,6          | 5 724,4          |
| Vektårsavgift                                     | 292,8            | 299,5            |
| Omregistreringsavgift                             | 1 819,6          | 1 796,2          |
| Avgifter på bensin                                | 8 728,7          | 8 664,1          |
| Avgift på mineralolje til framdrift av motorvogn  | 4 674,9          | 4 278,2          |
| <b>Motorvognavgifter totalt</b>                   | <b>38 860,7</b>  | <b>33 512,8</b>  |
| <b>Særaggifter</b>                                | <b>2004</b>      | <b>2003</b>      |
| Avgift på alkohol (brennevin og vin)              | 5 255,5          | 5 016,2          |
| Avgift på alkohol (øl)                            | 3 758,8          | 3 470,0          |
| Avgift på tobakksvarer                            | 6 798,9          | 6 760,4          |
| Avgift på båtmotorar                              | 215,3            | 154,9            |
| Forbruksavgift på elektrisk kraft                 | 4 126,1          | 5 503,8          |
| Grunnavgift på fyringsolje o.l.                   | 655,4            | 748,6            |
| Avgift på smøreolje o.l.                          | 84,4             | 81,4             |
| CO2-avgift på mineralolje                         | 3 809,2          | 3 853,4          |
| Svovelaygift på mineralolje                       | 84,0             | 94,4             |
| Avgift på sluttbehandling av avfall               | 553,7            | 500,9            |
| Avgift på TRI (trikloreten)                       | 4,4              | 3,6              |
| Avgift på PER (tetrakloreten)                     | 1,5              | 1,6              |
| Avgift på sjokolade og sukkervarer osv.           | 967,3            | 919,7            |
| Produksjonsavgift på alkoholfrie drikkevarer o.l. | 962,0            | 937,1            |
| Avgift på sukker o.l.                             | 208,0            | 230,7            |
| <b>Avgifter på drikkevareemballasje:</b>          |                  |                  |
| Grunnavgift på eingongsemballasje                 | 461,8            | 482,6            |
| Miljøavgift på kartong/papp                       | 17,6             | 17,2             |
| Miljøavgift på plast                              | 57,4             | 58,4             |
| Miljøavgift på metall                             | 63,0             | 77,1             |
| Miljøavgift på glas                               | 39,2             | 58,2             |
| Miljøavgift på HFK og PFK                         | 122,6            | 60,6             |
| Tilbakebetaling av avgifter                       |                  | -35,7            |
| <b>Særaggifter</b>                                | <b>28 246,1</b>  | <b>28 995,1</b>  |
| <b>Totalt inntekter frå toll og avgifter</b>      | <b>140 667,0</b> | <b>126 728,5</b> |

## Dei ti største avgiftene i 2004

2004

(i millionar kroner)

|  |        |
|--|--------|
| Meirverdiavgift                                  | 71 969 |
| Eingongsavgift på motorvogner o.a.               | 16 387 |
| Avgifter på bensin                               | 8 729  |
| Årsavgift  | 6 958  |
| Avgift på tobakksvarer                           | 6 799  |
| Avgift på alkohol (brennevin og vin)             | 5 256  |
| Avgift på mineralolje til framdrift av motorvogn | 4 675  |
| Forbruksavgift på elektrisk kraft                | 4 126  |
| CO2-avgift                                       | 3 809  |
| Avgift på alkohol (øl)                           | 3 759  |

## Inntekter i form av gebyr

2004

(i heile kroner)


|                                     |                    |
|-------------------------------------|--------------------|
| Ekspedisjonsgebyr                   | 9 227 834          |
| Andre inntekter                     | 4 547 799          |
| Pante- og tinglysingsgebyr          | 943 619            |
| Gebyr for å registrere småbåtar     | 7 564 703          |
| Gebyr ved kontroll av teknisk sprit | 229 963            |
| Gebyr på kredittdeklarasjonar       | 227 995 925        |
| Gebyr ved avskilting av køyretøy    | 81 665             |
| <b>Gebyr</b>                        | <b>250 591 508</b> |

| Restansar<br>(i millionar kroner)                      | Fastsette og<br>forfalne i 2004 | Restanse<br>i 2004 | Prosent av<br>fastsett beløp<br>i 2004 | Prosent av<br>fastsett beløp<br>i 2003 | Akkumulerte<br>restansar<br>i 2004 |
|--|---------------------------------|--------------------|--|--|------------------------------------|
| Importavgifter   | 75 207                          | 61,5               | 0,08 %                                 | 0,12 %                                 | 137,9                              |
| Innanlandske særavgifter<br>eksklusive motorvognavgift | 58 312                          | 57,2               | 0,10 %                                 | 0,14 %                                 | 153,6                              |
| Motorvognavgifter                                      | 9 213                           | 103,7              | 1,13 %                                 | 1,26 %                                 | 270,1                              |
| Av dette:  |                                 |                    |  |  |                                    |
| Årsavgift  | 6 578                           | 95,0               | 1,44 %                                 | 1,61 %                                 | 153,3                              |
| Vektårsavgift  | 299                             | 8,7                | 2,91 %                                 | 3,95 %                                 | 42,7                               |
| Kilometeravgift  | 0                               | 0                  |  |  | 74,1                               |
| Omregistreringsavgift og<br>førehandsbetalt årsavgift  | 2 336                           | 0                  |  |  | 0                                  |
| <b>Sum 1)</b>  | <b>142 732</b>                  | <b>222, 4</b>      | <b>0,16 %</b>                          | <b>0,20 %</b>                          | <b>561,6</b>                       |

1) Inneheld ikkje beløpa som er avdekte i bedriftskontrollar

| Rettidige innbetalningar     | 2004 | 2003 | 2002 | 2001 |
|------------------------------|------|------|------|------|
| Prosentdel av fastsette krav | 98,1 | 96   | 96   | 96,5 |





## BESLAGSSTATISTIKK

### Beslagstype

| Narkotika | Mengdeeing | 2004      | 2003    | 2002    | 2001    |
|-----------|------------|-----------|---------|---------|---------|
| Cannabis  | Gram       | 1 199 667 | 239 405 | 368 111 | 344 339 |
| Heroin    | Gram       | 26 845    | 24 867  | 34 986  | 4 151   |
| Amfetamin | Gram       | 87 772    | 102 117 | 38 916  | 11 999  |
| Kokain    | Gram       | 23 218    | 18 214  | 25 090  | 19 118  |
| Ecstasy   | Stk.       | 953       | 12 428  | 53 191  | 29 353  |

| Doping       | Mengdeeing | 2004    | 2003    | 2002    | 2001    |
|--------------|------------|---------|---------|---------|---------|
| Dopingmiddel | Einingar   | 248 698 | 496 681 | 364 418 | 189 825 |


| Alkoholholdige drikkevarer | Mengdeeing | 2004    | 2003    | 2002   | 2001    |
|----------------------------|------------|---------|---------|--------|---------|
| Brennevin                  | Liter      | 15 501  | 17 905  | 13 206 | 10 384  |
| Sprit (brennevin over 60%) | Liter      | 6 241   | 13 689  | 84 009 | 255 287 |
| Vin                        | Liter      | 50 275  | 28 781  | 15 092 | 13 926  |
| Øl                         | Liter      | 165 924 | 165 580 | 79 223 | 54 652  |

| Tobakksvarer | Mengdeeing | 2004      | 2003      | 2002      | 2001      |
|--------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|
| Sigarettar   | Stk.       | 9 243 465 | 4 806 716 | 5 967 963 | 6 517 344 |
| Røykjetobakk | Kilogram   | 2 515     | 1 790     | 5 120     | 2 070     |

| Andre varer             | Mengdeeing | 2004       | 2003      | 2002       | 2001       |
|-------------------------|------------|------------|-----------|------------|------------|
| Kjøtvarer               | Kilogram   | 43 357     | 38 869    | 40 490     | 30 689     |
| Valuta                  | NOK        | 10 589 227 | 9 441 699 | 9 249 351  | 13 146 182 |
| Verdi av ordinære varer | NOK        | 10 827 447 | 4 777 994 | 11 361 136 | 12 014 922 |
| CITES-varer             | Stk.       | 746        | 1 550     | 626        | 1 025      |

| Våpen       | Mengdeeing | 2004  | 2003 | 2002 | 2001 |
|-------------|------------|-------|------|------|------|
| Skytevåpen  | Stk.       | 21    | 15   | 22   | 20   |
| Andre våpen | Stk.       | 1 387 | 272  | 285  | 249  |

| Reaksjonar        | Mengdeeing | 2004   | 2003   | 2002   | 2001   |
|-------------------|------------|--------|--------|--------|--------|
| Forenkla førelegg | Stk.       | 19 699 | 14 321 | 13 206 | 13 912 |
| Politimeldingar   | Stk.       | 6 224  | 5 200  | 4 870  | 5 502  |



## STRATEGI 2005-2008

Tollvesenet har avslutta ein strategiperiode og går inn i ein ny. Brukardifferensiering skal vere fundamentet for Tollvesenet i strategiperioden 2005–2008. Visjonen, verksemdsideen og hovudmåla til etaten byggjer på dette fundamentet.

### Visjon

Det skal bli enklare å følgje reglane – og vanskelegare for dei som bryt dei.

### Verksemdsidé

Tollvesenet skal ta vare på fellesskapsinteresser ved å

- hindre ulovleg inn- og utførsel av varer gjennom målretta kontroll;
- sikre staten avgiftsinntekter gjennom effektive og brukarvennlege deklarerings-, fastsetjings- og innkrevjingssystem;
- leggje til rette for effektiv grensepassering for næringsliv og reisande og for at brukarane skal oppleve det som enkelt å følgje regelverket;
- avdekkje toll- og avgiftsunndragingar og anna ulovleg verksemd og sørgje for like konkurransevilkår og best moglege rammevilkår for næringslivet.

### Hovudmål

- Hindre ulovleg inn- og utførsel av varer
- Sørgje for rett deklarerings-, fastsetjing og innbetaling av toll og avgifter



## ANNUAL REPORT

### – ENGLISH SUMMARY

## NORWEGIAN CUSTOMS AND EXCISE

NCE is an autonomous agency under the Ministry of Finance. The agency consists of a central directorate and six customs regions. NCE has a total workforce equivalent to 1,670 man-years. The Director General of Customs and Excise is Ms. Marit Wiig.

### The responsibilities of Norwegian Customs and Excise (NCE) in the society

- To secure state revenues by ensuring that duties and taxes are paid in accordance with laws and regulations
- To protect society against illegal import and export of goods, particularly drugs

### The strategy of Norwegian Customs and Excise

The main goals of NCE's strategic plan for 2001-2004 are to:

- Correctly assess and collect duties and excises
- Uncover attempts to evade payment of duties and excises
- Prevent the unlawful carriage of goods, particularly drug smuggling
- Facilitate customs procedures for business and industry and the general public
- Recruit and retain motivated employees with the right expertise

### Operating parameters

NCE is allocated funds from the central government budget to cover its operating expenses. This allocation determines the scope of NCE activities and priorities.


In 2004 NCE was allocated NOK 1100.42 million in operating funds, which was higher than the previous year's allocation of NOK 1003.75 million.



## HIGHLIGHTS IN 2004

### Collection of duties and excises

In 2004 the NCE collected NOK 140.6 billion in duties and excises for the Treasury. These revenues consisted of NOK 72 billion in value-added tax on imports, NOK 38.8 billion in motor vehicle excises, NOK 28.2 billion in special charges and NOK 1.6 billion in customs duties.



### 509,000 new invoices for annual road excise

In 2004 the NCE sent out 509,000 invoices covering annual road excise for mopeds, tractors, snowmobiles and veteran motor vehicles. This replaces the former road traffic injury excise, which was handled by insurance companies. As from 2005, these invoices will be sent out together with the ordinary annual road excise invoices.

### New strategic plan

In 2004 the NCE drew up a new strategic plan after carrying out a comprehensive process at every level of the organization. The NCE vision for the next five years is to make it easier for those who act in compliance with the regulations and harder for those who are non-compliant.

The main focus of the strategic plan is the users. Most of those who use customs and excise services want to act correctly.

Doing the right thing must be made worthwhile. The NCE will focus even more attention on, and put obstacles in the way of, those who deliberately break the law. These groups are often responsible for the most serious crimes.

### Reorganization

In 2004 the NCE regional administration was reorganized and divided into six customs regions, instead of ten customs districts, as was previously the case. Fifteen customs offices were closed during the year. Two customs offices were converted into anti-smuggling and customs clearance units. As a result of this reorganization, which was carried out pursuant to a decision by the Norwegian parliament, enforcement activities have been strengthened and fewer resources are used for administrative functions.

### Register of cross-border transactions


In 2004 the NCE was assigned the task of developing a Register of cross-border transactions. The new electronic register will replace the current BRAVO register administered by The National Bank of Norway. The register has been established to strengthen efforts to combat cross-border economic crime and will contain information on foreign exchange transactions and the transfer of means of payment into and out of Norway.

The purpose of the register is primarily to prevent and combat economic crime and promote proper payment of taxes and charges. All experience of financial investigation shows that the ability to follow money flows is a very important tool for exposing all profit-motivated crime. The register of cross-border transactions will become effective from 1 January 2005.

### The Norwegian Customs Training Centre

The NCE is one of the few government agencies to have its own training facility. In 2004, the former facility was closed and the new Customs Training Centre was established. The training period has been shortened. Trainees can choose between more options and there is more latitude for specialization. There is greater focus on college and university modules in the training programme. Courses are increasingly web-based and can be taken at the trainee's workplace.





### Scanners bring results

As a result of the Government's emphasis on more efficient and more extensive border controls, the NCE acquired two mobile scanners in autumn 2003. 2004 was the first year in which the scanners were in operation. The biggest drug seizure made with the help of the scanners took place in late November, when customs officers discovered and seized more than 500 kg of hashish in a container entering Norway at the Svinesund border crossing point.

### Drug seizures

The NCE seized 1.2 tonnes of cannabis in 2004. This is five times as much as in 2003.

The NCE seized more heroin and cocaine in 2004 than in 2003. The reorganization of the Service resulted in more officers being transferred to border controls in 2004. Several larger mobile control units have been established. The NCE is targeting border controls as a means of uncovering drug smuggling activities.

### International customs agreements

In autumn 2004 Norway signed a customs agreement with South Africa. This is the first Norwegian customs agreement with an African country, and the agreement will enter into force at the beginning of 2005. Customs agreements constitute the formal basis of cooperation with the customs authorities of other countries. These agreements play an important role in combating smuggling and in implementing control routines of companies liable for duties and taxes. In 2004 customs agreements was also signed with Italy and Ukraine.

### History of the NCE

The third volume of the history of the NCE, which covers the period from 1940 to 2000, was published in spring 2004. The account of this era in the agency's history was prepared in collaboration with the Norwegian Centre for Research, Organization and Management at the University of Bergen. The author, Øyvind Nordbrønd Grøndahl, interviewed several former customs officers in connection with the book.

## INTERNATIONAL CO-OPERATION

Being the competent Norwegian authority in customs matters, promoting international co-operation and maintaining close relations with other customs administrations are among the principal objectives of NCE. The agency was one of the 17 founding members of the Customs Co-operation Council in 1952, along with Denmark and Sweden. In 1994 the organization adopted the working name World Customs Organization. Today the WCO is an independent, intergovernmental body with worldwide membership whose mission is to enhance the effectiveness and efficiency of customs administrations.

WCO's international co-operation is based on a wide range of conventions and other international instruments seen as flexible instruments to assist its members in enhancing co-operation and exchange of information. NCE highlights the importance of the international exchange of information in the process of risk management, which is essential for achieving a balance between compliance and facilitation.

### Customs Tariff

Norway is one of more than 100 Contracting Parties to the Harmonized System (HS) Convention. The HS Nomenclature has been the basis for the Norwegian Customs Tariff since 1988. NCE is actively taking part in the work of the HS Committee and its Sub-Committees in order to modernize and develop the Nomenclature and to facilitate the interpretation of the existing version of it. NCE is also responsible for these activities at national level. A new version of the Norwegian Customs Tariff is adopted and issued annually.

### Agreements on customs cooperation

Norway has entered into approximately twenty agreements on customs cooperation with other nations. These agreements provide a formal framework that ensures access to information and practical action in connection with border controls of travellers and goods consignments and the verification of customs value.

### Frontier customs co-operation

In order to facilitate customs controls, a unique system of




co-operation has been established on the Norwegian-Swedish and Norwegian-Finnish border. Norwegian customs officers perform the duties of customs officers for the EU countries Sweden and Finland, and vice versa. This means that persons crossing these borders need only contact one customs office to complete both import and export formalities, instead of two offices as is common at other frontier crossing points.

### Free trade agreements

Free trade agreements are being established with a growing number of countries. This means that there will be fewer goods on which business and industry will have to pay customs duties.



# THE ORGANISATION





**Tollregion Aust-Noreg**

ostnorge@toll.no  
+47 69 36 22 00

**Tollregion Oslo og Akershus**

oslo@toll.no  
+47 22 86 03 00

**Tollregion Sør-Noreg**

sornorge@toll.no  
+47 38 12 00 12

**Tollregion Vest-Noreg**

vestnorge@toll.no  
+47 55 90 91 00

**Tollregion Midt-Noreg**

midt norge@toll.no  
+47 73 88 43 00

**Tollregion Nord-Noreg**

nordnorge@toll.no  
+47 77 60 38 00

**Utgitt av Toll- og avgiftsdirektoratet**

Schweigaardsgate 15  
Postboks 8122 Dep.  
N- 0032 Oslo

Design og produksjon: [www.kursiv.no](http://www.kursiv.no)

**[www.toll.no](http://www.toll.no)**

